

Interpellasjon frå FrP i Sande

Innfør sambuargaranti i Sande Kommune

Framstegpartiet meiner at det er ein sjølfylgje at ektepar eller sambuera skal få lov til å tilbringe heile livet saman,også etter at ein av dei får behov for plass på sjukeheim.

Å få leve med sin ektefelle eller sambuar også når ein vert gammal og får store hjelpebehov betyr mykje for livsgleda,tryggheitsfølelse,og for å kunne vere sjef i sitt eige liv. Det er ei trygghet dei eldre i Sande Kommune fortjener.

Det vil samtidig bidra til å forebygge einsomheit.

Det må leggest til rette for sterkare brukarmedvirkning,og man må forsøke å unngå alle tendenser til umyndiggjering,også når behovet for hjelp og omsorg auker.

Sjølv om ein sambuargaranti kan medføre ein ekstra bebuar i avdelinga er det ikkje å komme bort ifrå at ektefelle eller sambuar også må sjåast som ein ressurs. Samtidig er det ved innføring av ein sambuargaranti viktig å understreke at dette skal vere ein frivillig ordning for begge ektefellene eller sambuerna. Viktig er det også at ektefellene får bo på samme rom om det er det dei ynskjer.

Framstegpartiet fremjer med dette fylgjande forslag:

- 1. Ektepar eller sambuera der begge har ynskje om å bu saman på sjukeheim,skal få mogligheit til det. Det skal gjelde, sjølv om berre den eine har vedtak om langtidsplass. Den aktuelle ektefelle eller sambuar som vil flytte inn på sjukeheim må då søke om korttidsopphald. Korttidsopphald innvilges med varigheit så lenge ektefelle eller sambuar med langtidsopphald har behov for langtidsopphald. Det krevst eigenandel for ektefelle eller sambuar uten vedtak om langtidsplass etter gjeldande satsar for korttidsopphald.*
- 2. Det utarbeides retningslinjer for betaling og praktisering av sambuargarantien.*
- 3. Rådmannen innarbeider ektepar/sambuarrum i planleggingen, "utviding av sjukeheim".*

Mvh Kåre Fjørtoft

På vegne av Sande FrP